



No er 7 av dei 10 einingane i tomannsbustadane i Ospelunden selde og dei skal vera klåre til innflytting 1. juli opplysar Oddbjørn Kroka til uskedalen.no. Snikkarane tek til med jobben ein dag med det fyrste. Det er Kvinnherad Bygg som har entreprisen på heile prosjektet.

Salet av 6 einingar har vore klårt lenge og no er det altså seld ein til.

Kroka er optimistisk også når det gjeld salet av dei 3 siste.

Snikkarane skulle etter planen ha vore i arbeid allereie, men ein valde å slippa til rørleggjarar og elektrikarar fyrst. Biletet over fortel om statusen akkurat no.

Foto: Ola Matti Mathisen